

–‘Vel’ er vel vel, vel? –Vel, vel

AV TORIL OPSAHL

Innleiing

*Kjell sprang oppover trappa. Så rørte han ved spikeren og – så hadde han glemt hva han skulle si. «Hva var det jeg skulle si?» ropte han ned til Pelle. «Killevippen vel,» sa Pelle. «Killevippen vel,» sa Kjell til spikeren. Men ingenting hendte. «Æsj, du skal si bare killevippen,» ropte Pelle der nede fra. «Bare killevippen,» sa Kjell. Ingenting hendte. «Nei, nei,» skrek Pelle. «Du må ikke si noe annet enn killevippen.» Da endelig forstod Kjell det, og så sa han killevippen og ble stor igjen, og det gikk så fort at han slo hodet i sengebunnen. (Astrid Lindgren: *Per Pusling flytter inn* (omsett av Solveig Blom), Oslo: Tiden, 1957)*

Astrid Lindgren si forteljing om Per Pusling gjorde inntrykk på meg som barn. Eg hugsar særleg godt den scena der Kjell ikkje kjem i hug korleis han kan vekse og krympe i storleik for å kome seg opp og ned i den vesle heimen Per Pusling har leigd av ei lita mus. (For deg som måtte lure: Vegene til suksess er å seie «killevippen» medan ein rører ved ein spikar ved sida av museholet.) Scena er attgjeve i utdraget ovanfor og syner at det ikkje alltid er like enkelt å hanskast med dei konvensjonane som er knytte til ordbruk. Det er ei spenning mellom eit metalingvistisk nivå og eit pragmatisk nivå, mellom å *nemne* eit ord og å *bruke* eit ord, som skaper den komiske effekten, saman med brot mot konvensjonar for bruken av ordet ‘vel’, som er skapte over tid gjennom gjentakande kommunikative hendingar.

Det kjennest mest sjølvsagt at semantiske og grunnleggjande grammatiske kjenneteikn ved ord er noko vi kan finne informasjon om i ei ordbok. Gjeld det òg dei uttrykka som ikkje berre «tyder noko» (om dei det heile tatt gjer det), men som ser ut til å regulere sjølve kommunikasjonssituasjonen? I denne artikkelen vil eg freiste å argumentere for eit mest utvitydig «ja», ikkje minst i ordbøker som har som mål å skildre og dokumentere talespråk. Det er særleg i talespråket at vi finn dei uttrykka som tydeleg peiker til kontekstuelle tilhøve, i det konkrete møtet mellom dei som kommuniserer, det dei kommuniserer om og den verksemda dei er del av, der og då. At språket sine dialogiske eigen-

skapar kjem sterkt til syne gjennom talespråket, heng mellom anna saman med det temporale, kroppslege og prosessuelle aspektet ved talespråk (Schegloff et al 1996: 19). Somme forskarar innan interaksjonell lingvistikk vil kunne seie at det finst språklege uttrykk som har som si *primære* oppgåve å regulere relasjonen mellom talarane eller skape samanheng i diskursen. Andre forskarar opererer med ei sterkare teoretisk kognitiv integrering av kontekstuelle tolkingsprosessar, gjerne inspirert av Grice (1991). Språklege uttrykk kodar typisk eit omgrep, men somme av dei kodar ei *oppskrift* for korleis ein kan trekkje slutningar på grunnlag av kontekstuelle premisser (Fretheim 2014: 209), det ein til dømes innanfor relevanst teori kallar *prosedural* tyding (Blakemore 1987, Sperber & Wilson 1995). Eg skal ikkje gå inn i ein rein teoretisk diskusjon i denne artikkelen, men operere på tvers av teoretiske innfallsvinklar som kanskje kan bidra til å belyse ein leksikografisk praksisteori. Det er hovudsakeleg arbeidet mitt med ordboksartikkelen **VI vel** i band 12 av *Norsk ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (frametter NO) som er inspirasjonen til denne artikkelen.

Partiklane høyrer heime i ordboka

I Redigeringshandboka til prosjektet Norsk Ordbok 2014 (RH) kan vi lese: «Pragmatiske uttrykk involverer kommunikasjonssituasjonen; ein vil ha formidla noko som samtalepartnaren er ein part i» (RH: 277). Eit samleomgrep for slike ord og uttrykk som ikkje bidrar med proposisjonelt innhald, men som uttrykkjer modale eller interaksjonelle tilhøve, er *diskursmarkørar* (Svennevig 2014: 292). Dette er uttrykk som involverer kommunikasjonssituasjonen, og som har ein særleg kontekstfokuserande funksjon gjennom å rette merksemda mot tolkingsprosessar som går føre seg i kommunikasjonen. Blant desse uttrykka finn vi *pragmatiske partiklar* (Lind 1993: 196). Pragmatiske partiklar er småord som ‘altså’, ‘jo’, ‘no’, ‘nok’, ‘då’, ‘liksom’. Diskursmarkørane femnar også om meir komplekse uttrykk som «veit du», «på ein måte», «ikkje sant», «heldt eg på å seie», men det er partiklane som er hovudsaka i denne framstillinga. Pragmatiske partiklar uttrykkjer ei rekke modale tilhøve, kopla til både epistemisk, deontisk og affektiv modalitet. Sistnemnde gjeld særleg forsterking av kjensleinnhald og engasjement. Epistemisk modalitet, på si side, dreier seg om kor viss eller sikker talaren er på sakstilhøvet i det som vert ytra. Om eg ytrar: «Oddrun er nok nøgd», syner ‘nok’ at eg reknar det

som sannsynleg, men ikkje sikkert, at ho er det. Deontisk modalitet handlar om i kva grad noko er naudsynt eller ønskeleg. Svennevig (2014) illustrerer deontisk modalitet ved partikkelen ‘då’, med ytringa «kom, *då!*», der partikkelen forsterkar uttrykket for nødvendigheit som ligg i imperativen (Svennevig 2014: 292). Diskursmarkørane sine funksjonar heng òg saman med koherens-tilhøve i tekst, hevdar Svennevig: «Et eksempel på det er når man for å avslutte en lunsjsamtale sier: «*Nei*, vi får kanskje gå tilbake til kontoret?». Partikkelen *nei* er her en avslutningsinnleder.» (ibid.)

Uavhengig av teoretisk ståstad er det neppe kontroverselt å hevde at det ikkje er *enkelt* å skildre partikkelinnhald semantisk. Partiklane er ofte komne til som eit resultat av ein grammatikaliseringssprosess, eller ein pragmatikaliseringssprosess, der opphavet er eit innhaldsord som kodar eit eller fleire omgrep som, til skilnad frå partiklane, kan skildrast leksikografisk på tradisjonelt vis med ein realdefinisjon og/eller synonym. Partiklane har derfor ofte ein parallell i eit ord som har halde på eit tydeleg(are) innhald. Dette gjer at «heimeadressa» allereie er på plass i ordboka. Partikkelen ‘nei’ i dømet frå Svennevig (2014) ovanfor finst (sjølv sagt) òg som nektande svarord med relativt tydeleg semantisk innhald, i tillegg til at partikkelen fyller ei rekke pragmatiske funksjonar. Det andre ordet som skaper trøbbel for Kjell i dialogen med Per Pusling innleingsvis i denne artikkelen, ‘bare’, kan illustrere denne kompleksiteten ytterlegare: ‘Bare’, eller på nynorsk ‘berre’, er avleidd av adjektivet ‘bar’/‘berr’ med tydinga ‘naken’, som framleis finst. Utviklinga til adverbet ‘bare’/‘berre’ er mangslungen og har truleg gått via rolla som restriktivt fokuserande adverb («Eg les berre Ibsen»), via rolla som deontisk forsterkar i tillatingar («Berre forsyn deg!») og i samband med modalverb («Berre *må* ha det»), før vi ser fleire og fleire døme på forsterkarbruk i samband med evalueringar og dramatiske høgdepunkt i forteljingar. ‘Berre’ fungerer jamvel og som nedgraderande fokusadverb, som indikerer at noko er langt nede på ein skala («Eg er berre løytnant» (ikkje kaptein), og ‘berre’ fungerer som dempar («kunne eg berre få setje meg her ein liten augneblink?») (sjå Opsahl og Svennevig 2012: 221, med referansar). Forsterkaren ‘berre’ finn vi òg som meir eller mindre rein tekstuell markør i samband med sitat, inkludert lydhermande ord, rørsler og andletsuttrykk («Ho berre: ‘Kjem til poenget, då!’»).

Poenget er at det ikkje er mange av dei sistnemnde funksjonane som er dekte i eksisterande ordboksverk. Det er fleire årsaker til dette, og noko av skepsisen mot å innlemme pragmatiske partiklar i (tidlegare) ordboksverk, botnar nok (sic) i det Linell (2004) kallar «the written language bias», der

skriftspråket har hatt ein særskilt status blant lingvistar. Skepsisen botnar òg i at tydings- og bruksnyansar er i stadig endring. Dette skaper ei rekke metodologiske utfordringar, mellom anna knytte til dokumentasjon og normering (Opsahl 2015, 141–144). Det er likevel den munnlege koplinga som er avgjerande, trur eg, og assosiasjonane til *uformell* språkbruk. Eg meiner at uformell daglegtale høyrer heime i ei fullstendig leksikografisk skildring av det norske folkemålet, som ordbøker som NO legg opp til, ikkje berre gjennom skildring av dialektordtilfang, men òg i skildringa av funksjonane til diskursmarkørar. Vitskaplege dokumentasjonsordbøker har ein særskilt styrke, skriv Vikør (2016):

Studiet av ordnivået og fraseologien i språket er retta mot enkelttilfelle av bruk i konkrete samanhengar (kontekstar), som kan systematiserast når mengdene av tilgjengelege data om slik bruk er store nok. [...] Den einaste sjangeren denne vitskapen kan få ei dekkande framstilling i, er dei vitskaplege ordbøkene. Det er berre der ein kan kombinere analyse og systematisk beskriving av einskildord og frasar i slike mengder at dei kan danne grunnlag for overgripande forskning i omfattande (del)system i eit språk og på tvers av språk (som i sin tur må framstillast i andre tekstsjangrar, som grammatikkar eller vitskaplege artiklar eller monografiar). (Vikør 2016: 111)

I dei siste åra har «mengdene av tilgjengelege data om bruk» auka, ikkje minst gjennom tilveksten både av digitale skrift- og talemålskorpus (Grønvik og Ore 2016), og mengdene av tilgjengelege data er snart store nok til at leksikografiske verk som (òg) omhandlar talemål, vil måtte vurdere spørsmålet om ein skal og bør skildre funksjonelle sider av meiningsinnhaldet til alle oppslagsorda. Ein må vurdere i kva mon ein skal og bør utvide kjeldetilfanget til å vere dekkjande for breidda i meiningspotensialet. I ei dokumentasjonsordbok, som til dømes NO, bør det vere rom for dei, og dei er langt på veg tekne inn i dei seinaste binda av NO. Der finn du ytringar som «geitene berre sånn: hæ!» (som vi kjem attende til seinare i artikkelen), og slik må det vere. I ei optimal verd ville ein nettressurs med høve til å høyre døme på dei ulike funksjonane vore gull verd, til dømes etter mønster av *Ordbog over dansk talesprog* (ODT), der grundige pragmatiske analysar kan koplust på fortlaupande. Slik kan ein «fusjon» av det leksikografiske dokumentasjonsarbeidet og dei andre tekstsjangrane Vikør nemner, finne stad. Dit er vi ikkje komne enno, men det kan vere mål for ei framtidig utviding av NO-resursen, eller andre ordboksressursar (Opsahl 2015: 145).

Pragmatiske partiklar er ord som knappast har noko semantisk innhald i tradisjonell forstand. Dei er ikkje heilt enkle å ordne inn under tradisjonelle

grammatiske merkelappar, som til dømes ordklassemerking. Korleis kan ein då, om ein i det heile tatt bør, handsame pragmatiske partiklar i ei ordbok? Eit argument for at ein *bør*, kjem fram av møtet mellom Kjell og Per Pusling innleiingsvis. Om ikkje du kjenner konvensjonane knytte til bruken av eit ord som ‘vel’, som i dette tilhøvet ser ut til å uttrykkje både deontisk og affektiv modalitet, får du rett og slett ikkje utført alle handlingar, og du kan i verste fall – om enn ikkje så bokstaveleg som for Kjell, som slår hovudet i sengebotnen – risikere smertefulle augneblink. I det følgjande kjem eg inn på spørsmål om handsaming av pragmatiske partiklar i dokumentasjonsordbøker. ‘Vel’ er eit av dei orda som eksisterer både i variantar som kodar eit omgrep, og i variantar med meir eller mindre bleikt semantisk innhald med ei særleg pragmatisk kraft, som i høgste grad «involverer kommunikasjonssituasjonen», som RH formulerer det (sjå òg Runde 2014 for andre døme på slike ord i NO).

Kommunikasjonssituasjonen høyrer heime i ordboka

I dagens dokumentasjonsordbøker har vi ordboksartiklane, basert på grundig studium av «enkeltilfelle av bruk i konkrete samanhengar (kontekstar)» (jf. Vikør 2016: 111). Desse konkrete samanhengane har gjort det mogleg å spegle ordbruk som koplar inn kommunikasjonssituasjonen, og sjølv situasjonskonteksten, på fleire måtar enn tidlegare. Ymse funksjonelle grammatikkmodellar, som Hallidays systemisk-funksjonelle grammatikk (Halliday 1994) og den kognitive lingvistikken inspirert av Ronald Langacker, legg vekt på tilhøvet mellom systemet og bruken og hevdar at systemet er forma av språket i bruk (Svennevig 1999: 114). Kognitive lingvistar meiner at språklege strukturar er eit resultat av erfaringar med språket i bruk, og at det ikkje finst eigne, medfødde strukturar som berre har med språk å gjere. Berg-Olsen og Selvik (2013) syner korleis innsikter frå kognitiv teori, og særleg nettverksmodelltenking, kan hjelpe leksikografar i praktisk arbeid med ordartiklar. Slik sett er svaret på spørsmålet om vi bør bringe kontekstdimensjonar inn i ei ordbok, «ja», iallfall når det gjeld det praktiske, leksikografiske arbeidet. Vi kan kartlegge konvensjonar knytte til kvart av punkta i ein situasjonskontekst; det gjeld både deltakarar, verksemd og kommunikasjonsmåtar (jf. Halliday og Hasan 1985). Hallidays systemisk-funksjonelle grammatikkmodell er bygd over desse dimensjonane i ein situasjonskontekst. Tenkjemåten som ligg til grunn for delar av strukturen i ordboksartikkelen **VI vel** hentar inspirasjon frå

ei slik tenking om tilhøvet mellom dimensjonane i ein situasjonskontekst. Dette heng igjen saman med eit dialogisk språksyn som vert aktualisert når tilveksten av data frå *faktiske kommunikasjonssituasjonar*, aukar.

Kommunikasjon er meiningsskaping. Denne skjer i eit møte mellom deltakarar i ein eller annan situasjon. Talaren orienterer seg aktivt mot situasjonar, verksemdar og tradisjonar – som inkluderer språkssystemet (Linell 2005: 234). Kommunikative aspekt er difor knytt til talaren, lyttaren, det dei talar om, og den situasjonen samtaledeltakarane inngår i (Svennevig 1999: 102). Språket er ein viktig reiskap for meiningsskaping og er berar av eigenskapar som har opphav i dei situasjonane der meiningsskapinga skjer. Ei ytring er del av ei verksemd, ein sjanger eller ein sosial situasjon. Ytringar er meiningssberande og utgjer ein del av kommunikative prosjekt og overgripande verksemdar. Språk, meining og handling er såleis sosiokulturelle fenomen.

Samtalar går føre seg i samanhengar der ein skal utføre kommunikativt arbeid. Valet av ei bestemt handlingsform – ein sjanger – blir definert av det spesifikke ved den aktuelle talekommunikasjonssfæren (Bakhtin 1998: 20), samstundes som den kommunikative handlinga konstituerer sjangrar ved at sjangeren vert aktualisert gjennom den unike kommunikasjonshandlinga. Samtalen er såleis ei verksemd som blir karakterisert av den fascinerande kombinasjonen av «att samtidig vara förkroppsligade och tillhöriga en kulturell gemenskap» (Linell 2005: 236). Ytringar vil med andre ord vere underlagde faktorar i situasjonen dei inngår i, samstundes som dei skapar og held oppe den same situasjonen (ibid: 235). Vi kan med andre ord seie noko om språket ut ifrå situasjonen, og noko om situasjonen med utgangspunkt i språket. Eit døme på dette finn vi i ordboksartikkelen **III sånn** i NO (forfatta av Ellen H. Toft), der ei av tydingane til 'sånn', **B2a**, er skildra slik: «brukt for å syna at det som vert modifisert, *er vanskeleg å setja ord på direkte*» (mi utheving). Skildringa er følgd av tre bruksdøme:

- a) då var dei (geitene) berre sånn: hæ! Kva er det der for noko! (Litterær kjelde: Firda 2000)
- b) musikken hans er berre sånn aahh eit kvilerom (Litterær kjelde: Firda 2000)
- c) så kjem ho (hunden) laupande, litt sånn der «hæ?» (Heimfesting: Oslo)

Sjølv om berre det siste dømet har sitatteikn i seg, vitnar kolon etterfølgd av eit ekspressivt utrop også i det første dømet, om ei form for sitatbruk. Når vi går til kjeldegrunnlaget, Nynorskorpuset, og ser bruksdøma frå Firda i heilskap og samanheng, er det ikkje overraskande at alle døma er henta frå evalue-

ringar i engasjert framstillingsform, ramma inn av direkte tale. Dette stemmer godt overens med skildringar av ‘sånn’ som sitatmarkør, parallelt med det vi såg om ‘berre’ over (Opsahl og Svennevig 2012). Det er store likskapar mellom det som går føre seg i desse bruksdøma. Likskapane er ikkje tilfeldige, for det eksisterer alltid eit samspel mellom språkleg form, deltakarar og verksemd. Eg løftar fram dette dømet av fleire grunnar. Dømet syner korleis vi kommuniserer eit breitt innhald, sjølv om det er (som definisjonsdelen seier det) vanskeleg å setje ord (sic) på alt. Døma syner òg korleis vi posisjonerer oss i høve til det vi talar om, og korleis vi opent appellerer til den vi talar med, om å ta del i hendinga, men først og fremst siterer eg denne artikkelen for å syne korleis auka kjeldetilfang opnar for å dokumentere faktisk språkbruk.

Andrelekken i dialogen som utgjer tittelen til denne artikkelen, svaret «vel, vel», er interessant. Langt dei fleste teikn og tydingar kan på eitt nivå kallast konvensjonar, men konvensjonane kjem særleg til uttrykk i faste ordsamband. «Vel, vel»-gjentakinga har eit eige innhald som er noko meir enn summen av to «vel». Det er ikkje openbert korleis ein skulle omsetje alle ‘vel’, når omgrepsinnhaldet er svekt eller borte. Dette er òg ei påminning om at språk er eit dynamisk og sosiokulturelt fenomen, også på andre måtar. Trass i mange parallellar og nærskylde variantar av pragmatiske partiklar på tvers av land og språk, er det lokale, kulturelle konvensjonar som ligg til grunn, og som gjer at vi må handsame dei som del av det typisk norske (og britisk-engelske, amerikansk-engelske, tyske, usbekiske, osv.). Eit dialogisk språksyn forfektar korleis språk er berar av sosiokulturell kunnskap. Dette høver òg godt saman med eit økologisk språksyn, som er eit av fleire argument for å halde vitskapeleg basert språkdokumentasjon levande.

Veksten i kjeldeomfanget og typen kjelder som ligg til grunn for vitskapelege dokumentasjonsordbøker, gjer altså – etter mitt syn – noko med innstillinga vår til relasjonen mellom ‘språk’ og ‘kommunikasjon’, mellom språkssystem og språkbruk. Sistnemnde distinksjon er uheldig, av di den kan seiast å implisere at det ikkje finst system i bruken. Det gjer det i alle høgste grad, men korleis ein skal framstille denne systematikken innanfor rammene av ein ordboksartikkel, er eit anna spørsmål. Her trur eg at ei varsemd overfor dei ulike dimensjonane i ein situasjonskontekst er eit langt skritt på vegen. Eg meiner ikkje at ein skal applisere til dømes Hallidays systemisk-funksjonelle grammatikkmodell eller omgrepsapparat på leksikografien. Ein kan likevel vinne på å innlemme innsikter frå kommunikasjonsstudium i arbeidet med datatilfanget, på same måte som Berg-Olsen og Selvik (2013) synte korleis modellar henta frå kognitiv lingvistikk kunne utgjere ein nyttig reiskap. Ei anna viktig kjelde

til innsikter i språklege uttrykk som ikkje kodar berre omgrep, er pragmatiske skildringar av norske partiklar skrivne innanfor relevante teoretiske rammeverk (sjå t.d. Fretheim 2014: 209, med referansar). Slike studiar tydeleggjer korleis ord med meir eller mindre same leksikalske innhald kan ha svært ulike pragmatiske funksjonar, knytte til ulike konvensjonar for språkbruk.

Ordnande prinsipp for skildring av *vel* i NO

Dialogen som utgjer tittelen på denne artikkelen, kan ved første augnekast sjå ei smule kaudervelsk ut (for ikkje å seie kauderVELsk):

–‘Vel’ er vel vel, vel?
–Vel, vel

Av dei åtte orda som utgjer tittelen, er sju like, *vel*. Kwart av dei sju *vel*-a gjer noko eige og legg eit nokså spesifikt meningsinnhald til den vesle dialogen. Meningsinnhaldet endrar seg ganske radikalt om vi legg trykket på ulike *vel* bortetter, samstundes som vi leiker oss med intonasjonen. Om vi freistar å kople oss på dei spora som ligg i teiknsettinga, vil ei mogeleg, og kan hende også rimeleg tolking av meningsinnhaldet i titteldialogen vere noko slikt som:

«Stemmer det ikkje at vi er einige om at ordet ‘vel’ ganske enkelt har det meningsinnhaldet vi alle veit at det har?» Og svaret lyder: «Takk for dette. Du kan sjølvstund ha rett, men eg er sannleg ikkje så sikker på det, for eg har god grunn til å tru noko anna.»

Det verkar høgst naudsynt å ta med trykkplassering som eit ordnande prinsipp for ei skildring av ‘vel’. Denne utlegninga syner òg vonleg korleis samspelet mellom dei som kommuniserer, kunnskapane deira om det dei kommuniserer om og verksemda, forstått som munnleg (uformell) dialog, er tilgjengeleggjort i eit einaste leksem, ‘vel’, utan at dette i meir enn kanskje eitt av tilfella er kopl mot eit avgrensa semantisk innhald. Vi kan spele på desse dimensjonane i ei skildring av ‘vel’ i ein ordboksartikkel gjennom å peike på handlingar og tilhøvet mellom dei som kommuniserer, og det dei kommuniserer om. Desse kontekstdimensjonane blir såleis eit ordnande prinsipp.

Samstundes er det tale om storleikar der den syntaktiske plasseringa kan vere heilt avgjerande for tolkinga av innhaldet. Oppfatninga vår av kva eit

funksjonsord bidrar med, er sterkt påverka av den syntaktiske plasseringa, skriv Fretheim (2014: 198), gjerne meir enn kva den syntaktiske plasseringa av eit substantiv, verb eller adjektiv gjer. Det siste *vel*-et i den første replikken i tittel-dialogen, etter kommaet, er etterfølgd av eit spørjeteikn, som indikerer spørjande intonasjon. Dette påhenget – vel? – gjer ytringa til *eit spørsmål som krev svar*, ikkje berre gjennom intonasjonskonturen, men òg gjennom ‘vel’ si syntaktiske plassering. Partikkelen ‘vel’ signaliserer ei forventning om at adressaten reagerer med ein verbal respons når den står i slutfeltet, mens dette ikkje er noe krav når den står i midtfeltet, skriv Fretheim (2014: 199). Forskjellane i posisjon og pragmatisk innhald tyder ikkje at det dreier seg om forskjellige leksem. Ei ytring som «Rommet er vel utleigd» kan parafraseras som «Rommet er utleigd, kan eg tenkje meg» i éin kontekst, og som spørsmål i ein annan kontekst (ibid.). Vi kan med andre ord gå ut ifrå at syntaktisk plassering òg kan vere eit ordnande prinsipp for ei skildring av ‘vel’.

Eg skal ikkje parafrasere heile ordboksartikkelen **VI vel** i det følgjande, men syne korleis dei ordnande prinsippa eg skisserte over, blir spegla i ordartikkelen. Som for alle NO-artiklar ligg det fleire faste føringar for oppbygging og utforming. Desse er nedfelte i Redigeringshandboka (RH), som er utvikla parallelt med arbeidet med ordboksverket, og stadig utvida med presiseringar av problemstillingar som er drøfta i redaksjonen. Såleis er RH uttrykk for ein dynamisk praksisteori utvikla på bakgrunn av premissane som ligg til grunn for verket, både empirisk, teknisk og sjangermessig. Ein NO-artikkel har skarpe krav til dokumentasjon og oppbygging i den forstand at det er eit historisk, eksisterande kjeldegrunnlag som skal speglast i artiklane. Kjeldegrunnlaget er samla i den såkalla «Metaordboka», som fungerer som ein digital indeks over kjeldetilfanget henta frå materialdatabasane i dei nynorske samlingane ved UiB, tidlegare UiO. Til grunn for arbeidet med *vel*-artikkelen ligg det om lag 1200 elektroniske «setlar» inklusive døme frå systematiske korpussøk. Sidan vi har å gjere med ei vitkapeleg dokumentasjonsordbok, ligg kjeldene opne for dei som vil kikke NO-redaktørane i korta.

VI vel i NO

Ovanfor såg vi at relevante ordnande prinsipp var knytte til trykk, syntaktisk plassering og til kontekstdimensjonar. Den første hovudinndelinga av materialet går nettopp mellom dei trykksterke og dei trykklette variantane, som er

fordelte på øvste nivå i artikkelstrukturen (**A** og **B**)¹. Du kan ikkje «høyre» trykket og intonasjonen i eit skriftleg tilfang, men her kjem både syntaksen, ko-teksten og konteksten oss til unnsetning i mange av tilfella. Det er òg slik at syntaktisk plassering og andre grammatiske konvensjonar speglar situasjons-konteksten. Sambandet til andre adverb og markørar seier jamvel òg noko om kva for eit 'vel' vi har å gjere med i dei ulike tilfella. Ordartikkelen skal spegle datatilfanget, og inndelinga ber samstundes bod om dei tolkingane som ligg til grunn. Under **A** er altså dei trykksterke variantane plasserte. Her finn vi fem tydingar markerte med tala **1–5**. Innanfor desse er det små bokstavar som angir deltydingar (**1a–b**, **2a–b**; **3 a–d**; **4**; **5 a–c**). Under kvar av tydingane er det fleire undertydingar, faste vendingar og spesielle ordsamband. Sjølv tydingsutforminga i tyding **1–4** er klassisk, med ein realdefinisjon etterfølgd av eit par eittordssynonym. Deretter er ei rekke bruksdøme lista opp, frå dei mest frekvente, attgjevne som redaksjonelle døme, irekna eller etterfølgd av Aasen sine døme, kjeldefest med «A» og «A²», og litterære, kjeldefeste døme og døme frå målføra, såleis:

Utdrag frå **VI vel** adv

A

1a som ein vil el ynskjer; godt, heppeleg, bra (1)

vel og bra

stå vel til

alt vel? står det bra til?

gå vel (A²)

leva vel (A); jfr òg *leva A4*³

det var ikkje så vel (A²)⁴

[...]

Etter følgjer døme på bruk som adjektiv, med heimfestingar og kjelder (t.d. *eg er ikkje noko vel i dag* frisk, i form), før eit par faste ordsamband og vendingar som ligg til denne tydinga, som «koma vel med» og «som vel er». Dette mønsteret kjem att i ei rekke tydingsnyansar knytte til 'vel', og eg viser til ordartik-

1 Artikkelen har òg ein **C**-del, som er vigd *vel* i rolla som konjunksjon og subjunksjon (sjølv om subjunksjonsnemninga ikkje er i bruk i NO).

2 Kjeldekoden «A» er ei samlenemning for Ivar Aasens *Ordbog over Det norske Folkesprog* (1850) og *Norsk Ordbog* (1873).

3 «A4» er det aktuelle tydingsnummeret i ordboksartikkelen **leva v** som det er kopla til.

4 Kjeldekoden «A²» står for Ivar Aasen: *Norsk Ordbog* (1873).

kelen, anten på nettutgåva eller papirutgåva i band 12 for vidare illustrasjonar. Det er nemlig dei delane av denne artikkelen som ikkje følgjer eit «klassisk» definisjonsmønster basert på semantikk, eg vil fokusere på her. Det gjeld først og fremst B-delen, men òg tydingsbolk 5 a–c under A-delen. Det er særleg i den siste delen av A-bolken – som passande nok ligg nærast den etterfølgjande B-delen – at tolkingselementet og den pragmatiske krafta kjem fram i denne delen. Det er noko som skil desse tydingsbolkane frå andre i A-delen, for substitusjonsprinsippet er ikkje overhalde. Det er ei skildring av bruk, ikkje ein realdefinisjon og synonym, vi finn i denne delbolken. Det dreier seg kort og godt om å syne fram bruken av språket i konkrete kontekstar, på ein systematisk måte. Tydingsbolk 5 vert nettopp innleidd med ei *generell skildring av funksjon og bruk*: Dette er *vel* «med tekst- og samtaleorganiserande funksjon, nytta i samband med oppsummering, skifte av emne, i posisjonering i form av stadfesting eller vedgåing (av noko som kjem føre)». Vi drar kjensel på element frå situasjonskonteksten her. Her er det, som innleiinga av denne delen av artikkelkroppen gjer greie for, nokså avbleikt semantisk tydingsinnhald vi har å gjere med. Det er ikkje råd å kople ein definisjon av typen **A1a**, som er attgjeven ovanfor, til desse *vel*-a. Det vi i staden får, er ei skildring av dei kontekstuelle tilhøva og funksjonsområda, før eit knippe illustrerande døme på faktisk bruk. Dei fem variantane som er plasserte her, syner på ulik måte og i ulik grad kopling til kontekstdimensjonar og kommunikasjonssituasjonen, der særleg tyding **A5b** og undertydinga under **A5c** peiker på konkrete sjangrar og typar samhandlingsituasjonar. Tyding **A5c** har òg ein synonymdefinisjon til ei av tydingane til ‘no’, som òg kan reknast inn blant dei pragmatiske partiklane. Eit utdrag frå artikkelen er attgjeve nedanfor. Det er fleire bruksdøme i sjølve ordartikkelen, saman med kjeldetilvising.

Utdrag frå **VI vel A5**

- a. nytta som setningsinnleiande adv (*vel var det så at eit godt grannelag var høgt verdsett*)
- b. (serl i forteljande framstilling som eventyr, segner o l) nytta samanfattande om tidspunkt for ei nyleg avslutta handling (el hending) ved innleiinga til ei ny (*då han vel hadde hoggi nokre hogg i grana, kom trollet*)
- c. nytta som sjølvstendig ytring el (serl) initialt med veik syntaktisk binding til den (el dei) omkringliggjande setninga(ne); no (*vel, gratis og gratis, men staten tek i alle fall ikkje ekstra billettengar for moroa*)
 - (serl med oppatt-taking) nytta i situasjonar der ein skifter standpunkt, el der ein noko motstridande kjem med ei vedgåing (av det

nokon andre har hevda) (*eg ville ikkje likt om den gata heitte Hamsungate. Vel, vel, nynazistane skal òg ha eit samlingspunkt*)

d) interj (*ja vel*)

B-delen av ordartikkelen, som tar for seg dei trykklette variantane, er innleidd med ei generell skildring av funksjon og bruk:

«som trykklett modifiserande partikkel, nytta for å uttrykkja (ei meining eller førestelling om) at noko er sant, rimeleg eller vil henda (samstundes som ein appellerer til den ein kommuniserer med, om ei stadfesting av at det er slik)».

Kontekstdimensjonane er tydeleggjorte; vi ser at 'vel' regulerer tilhøvet mellom den som seier noko, og det som vert omtalt, og i mange tilhøve òg (men ikkje alle, som parentesens vitnar om) relasjonen til kommunikasjonspartnaren. Bolken er vidare delt inn i tre hovudgrupper, 1, 2 og 3 (a–c), delte inn etter 'vel' si syntaktiske plassering. Både 1 og 2 handlar om 'vel' i midtre del av setningar, medan 3 tar for seg 'vel' i final posisjon.

Utdrag frå **VI vel B**

1. i midtre del av setninga (*det er vel så*)
 - i spørsmål når ein ynskjer stadfesting (*det er vel du som kjem?*)
2. ÒG FORSTERK., i midtre del av setninga med andre adv som *då* el *no* føre (*presten må då vel forstå, at guten lyt stå te konfirmasjon, fyrr enn han kan gift seg på folkvis!*)
3. til slutt i ytring, såleis
 - a. med tydeleg appellerande funksjon, som spørsmål el implisitt stadfesting (*det vil du vel! klart du vil!*)
 - b. (serl med *då* føre) som vilkårslaus oppmoding (*set deg då vel*)
 - c. redusert i form, kanskje parallell med el blanda saman med *veit eg* (*du æ ifrå Åsmarken du ve?*)

Om vi berre skulle ha skildra dei tilfella der 'vel' har ei relativt tydeleg semantisk kjerne, hadde mange, for ikkje å seie dei fleste, bruksområda, ha mangla i ordboka. Kjell ville ha problem med å liste ut kva Per Pusling meiner med «killevippen vel», og det kjennest godt å kunne vise han **VI vel B3a**. Kjell og andre kan no gå inn i ordboksartikkelen **VI vel** og sjå om den dekkjer dei bruksmåtane som er illustrerte i titteldialogen. Frå det epistemisk usikre til det felles og sjølvsegte er ein veg det er godt å fare. Er det ikkje det, vel?

Alle skal med, vel?

Språkbruksnivået generelt, og pragmatiske partiklar spesielt, både bør og kan inngå i vitskaplege dokumentasjonsordbøker. Det innleiande induktive preget på arbeidet med kjeldetilfanget til ordboksartiklane i NO har likskapar med fleire (men sjølvsagt ikkje alle) former for interaksjonsstudiar, ikkje minst samtaleanalysen. Kjeldetilfanget har auka både i kvalitet og kvantitet og opna opp for eit brot med «the written language bias». Innsikter frå interaksjonell lingvistik, kognitiv lingvistik og relevanteoretiske studiar av pragmatiske partiklar kan – trass i svært motstridande teoretiske ståstader (jf. Blakemore 2002) – bidra til akkumulert praksisteori for leksikografar. Dette gjeld både i arbeidet med analysen av kjeldetilfanget og i oppbygginga av ordartiklar. Pragmatiske partiklar fell fint på plass gjennom ei spesifisering av kontekstuelle føresetnader, følgd av reelle bruksdøme. Med kontekstuelle føresetnader meiner eg deltakarar, verksemd og kommunikasjonsmåtar i ein samhandlingssituasjon. Trykktilhøve og syntaktisk plassering er òg naudsynte ordnande prinsipp.

Utvidinga av kjeldetilfanget, der særleg digitaliserte korpus opnar for å kunne dokumentere breiare bruksområde, er éin ting. Når ein innlemmar kontekstdimensjonar aktivt, aukar òg merksemda om den sosiale meininga orda våre er berarar av. Dette gjeld ikkje berre innhaldsorda, som vi har sett, og alle språklege uttrykk er på eit eller anna nivå berar av eit potensial for meiningsskaping. Eckert (2008: 453) hevdar at då den klassiske korrelasjonistiske sosiolingvistikken oppnådde hegemonisk status, blei studiet av sosial meining overlate til lingvistisk antropologi. Innsikter frå lingvistisk-antropologiske framstillingar illustrerer det kaleidoskopiske samspelet språkstrukturelle trekk inngår i. Silverstein (1985) viser korleis språkstruktur, ideologiar og språkbruk er uløseleg vevde inn i kvarandre, og at eit ønske om å skildre «det heile», dvs. det han kallar «The total linguistic fact», krev eit medvit om at språkstruktur er knytt både til aktivitetstypar og ideologiar. Det er vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg, å handsame alle aspekt ved eit språkleg uttrykk på ein koherent måte. Formelle strukturar, aktivitetstypar og ideologiar «[are] though overlapping, analytically distinct, and they require different modes of analysis» (Hanks 1996: 231). Sjølv om ein kan og helst bør halde seg trygt i eitt av hjørna i triangelet der ideologi, aktivitet og struktur møtest, er det samstundes viktig ikkje å ha skylappar i møte med den heilskapen studieobjektet inngår i (jf. Rampton 2015: 27). Dette medvitet finn ein etter mitt syn i stor mon i vitskaplege dokumentasjonsordbøker som NO, og i framtida kan ein sjå for

seg utbygde ordboksresursar der grundige pragmatiske analysar ligg til grunn for ei funksjonell oppbygging kopla mot reelle bruksdøme. Oppbygginga av eksisterande og framtidig e-infrastruktur og akkumulert leksikografisk praksisteori hadde ikkje vore mogeleg utan Oddrun Grønvik. Hennar rolle som opplæringsansvarleg for eit koppel unge og/eller nye leksikografar i prosjektet Norsk Ordbok 2014 står det òg respekt av. Få kunne gjort eit velare arbeid.

Litteratur

- Bakhtin, Mikhail 1998 [1953–54]: *Spørsmålet om talegenrane*. Bergen: Ariadne.
- Berg-Olsen, Sturla & Kari-Anne Selvik 2013: Kognitiv semantikk og nettverksmodellen møter praktisk leksikografi. *LexicoNordica* 20, 17–33.
- Blakemore, Diane 1987: *Semantic Constraints on Relevance*. Oxford: Blackwell.
- Blakemore, Diane 2002: *Relevance and Linguistic Meaning: The Semantics and Pragmatics of Discourse Markers*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Eckert, Penelope 2008: Variation and the indexical field. *Journal of Sociolinguistics* 12(4), 453–476.
- Fretheim, Thorstein 2014: Et relevanstereotisk blick på likheter og forskjeller mellom partiklene *da* og *altså*. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* Årgang 32, 197–256.
- Grice, H.H. Paul 1991: *Studies in the way of words*. Cambridge: Harvard University Press.
- Grønvik, Oddrun & Ore, Christian-Emil Smith 2016: Nyskapinga i elektroniske ordbøker og Språksamlingar. Vikør, Lars S., Helene Urdland Karlsen & Åse Wetås (red.): *Livet er øve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok 1930-2016*. Oslo: Det Norske Samlaget, 132–141
- Grønvik, Oddrun, Helge Gundersen, Lars S. Vikør & Dagfinn Worren (red.) 2016: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Band 12. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grønvik, Oddrun, Helge Gundersen, Lars S. Vikør & Dagfinn Worren (red.) 2013: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Band 11. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Halliday, Michael A.K. & Ruqaiya Hasan 1985: *Language, context, and text: aspects of language in a social-semiotic perspective*. Oxford: Oxford University Press.
- Halliday, Michael A.K. 1994: *Introduction to Functional Grammar* (2. utg.). London: Edward Arnold.
- Hanks, William F. 1996: *Language and Communicative Practices*. Boulder,

- Colorado: Westview Press.
- Lind, Marianne 1994: *Pragmatiske partikler i diskursanalytisk perspektiv: jo, altså, vel, nå og da i et norsk talemålsmateriale*. Hovedoppgave i nordisk, Universitetet i Oslo.
- Linell, Per 2004: *The written Language Bias in Linguistics. Its nature, origins and transformation*. London: Routledge.
- Linell, Per 2005: En dialogisk grammatik? Anward, Jan & Bengt Nordberg (red.): *Samtal och grammatik – studier i svenskt samtalspråk*. Lund: Studentlitteratur, 231–328.
- Opsahl, Toril 2015: Kan ord i bruk bli ord i bok?: urbane ungdomsvarieteter i framtidige ordboksressurser. *LexicoNordica* 22, 131–149.
- Opsahl, Toril og Jan Svennevig 2012: –Og vi bare sånn “grattis”! Sitatmarkørene bare og sånn i talespråk. Enger, Hans-Olav, Jan Terje Faarlund & Kjell Ivar Vannebo (red.): *Grammatikk, bruk og norm. Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen, 15. april 2012*. Oslo: Novus Forlag, 219–236.
- Ordbog over Dansk Talesprog* – <http://odt.hum.ku.dk/> (18. april 2017)
- Rampton, Ben 2015: Contemporary Urban Vernaculars. Nortier, Jacomine & Bente Ailin Svendsen (red.): *Language, Youth and Identity in the 21st Century*. Cambridge: Cambridge University Press, 24–44.
- RH = *Redigeringshandbok for Norsk Ordbok 2014*. Upublisert manuskript.
- Runde, Ålov Synnøve 2014: «Ja, ja. Den definisjonen får vel berre stå slik, då», sa han (eller: gløtt inn i (nokre refleksjonar rundt) livet med små-store ord). Almenningen, Olaf, Oddrun Grønvik, Helene Urdland Karlsen, Andreas Tandberg, Lars S. Vikør & Åse Wetås (red.): *Frå A til Å. Veneskrift til Dagfinn Worren på 70-årsdagen 28. desember 2014*. Oslo: Novus, 55–57.
- Schegloff, Emanuel A., Elinor Ochs & Sandra A. Thompson 1996: Introduction. Ochs, Elinor et al. (red.): *Interaction and Grammar*, Cambridge: Cambridge University Press, 1–51.
- Silverstein, Michael 1985: Language and the culture of gender. Mertz, E. & R.J. Parmenter (red.): *Semiotic Mediation. Sociocultural and Psychological Perspectives*. Orlando, Florida: Academic Press, 219–259.
- Sperber, Dan og Deirdre Wilson (1995): *Relevance: Communication and Cognition*. (2. utg.) Oxford: Blackwell.
- Svennevig, Jan 1999: Talespråket – mellom pragmatikk og grammatikk. Engebretsen, Martin & Jan Svennevig (red.): *Mediet teller! Tverrfaglige perspektiver på skrift og tale*. Forskningsserien 62, Kristiansand: Høgskolen i Agder, 101–116.
- Svennevig, Jan 2014: «Det er nå trivelig der innpå, da». Nå – en diskursmarkør i tilbakegang. Johannessen, Janne Bondi & Kristin Hagen (red.): *Språk i Norge og nabolanda. Ny forskning om talespråk*. Oslo: Novus, 291–314.

Vikør, Lars S. 2016: Språkdokumentasjon og språkforskning. To sider av same sak, eller to saker? Vikør, Lars S., Helene Urdland Karlsen & Åse Wetås (red.), *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok 1930-2016*. Oslo: Det Norske Samlaget, 105–131.